



# Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Finansdep.



Saksbehandlar  
Kjell O Nygård

Tlf. direkte innval

Vår ref.  
2015/724-3

Dykkar ref.

Dato  
09.04.2015

## Scheel-utvalet sitt forslag til nytt skattesystem.

Kvinnherad kommunestyre hadde saka føre i møte 26.3.2015 som sak 2015/7.

Vedlagt følger utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2015/724-1

**Saksbehandlar**

Kjell Odd Nygård

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2015/7	Kommunestyret	26.03.2015

## **Merknad til Scheel-utvalet sitt forslag til nytt skattesystem.**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Kvinnherad kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til vedlagt høyringsuttale frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK).

### **Behandling i Kommunestyret den 26.03.2015**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Kommunestyret den 26.03.2015**

***Kvinnherad kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til vedlagt høyringsuttale frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK).***

### **Saksutgreiing:**

Regjeringa har lagt ut til høyring NOU 2014: 13 "Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi." Rapporten er Scheel-utvalet sitt forslag til nytt skattesystem og merknadsfristen er sett til 05.04.2015.

Den 10.03.2015 gav Landssamanslutning av Vasskraftkommunar (LVK) høyringsuttale til saka der dei spesielt fokuserte på eigedomsskatten. Same dag vart medlemskommunane oppmoda om å gje eigne uttaler og eventuelt slutte seg til LVK sin merknad.

Jfr. vedlegg.

Scheel-utvalet peikar på at auka globalisering vil krevje reduksjon i selskapsskatten, og at skatt på arbeidsinntekt i så fall også må ned. For å kompensere staten sitt skattetao blir det mellom anna peikt på at fast eigedom kan vere eit godt skattegrunnlag.

I dag er skattelegging av fast eigedom låg og spesielt bustadane er favoriserte. I tillegg til rabatt i formueskatten gjennom låg likningstakst, er fordelene ved bruk av eigen bustad og fritidsbustad skattefrie. Inntil 50 % av marknadsværdien av eigen bustad kan leigast ut skattefritt, og det er ganske enkelt å tilpasse seg reglane for å unngå skatt ved sal. I tillegg blir det gjevne skattefrådrag for rente på lån.

Kommunal eigedomsskatt bidreg til ein viss reduksjon i skattefavoriseringa, men skatten er låg og utgjere i snitt ein relativt liten del av kommunane sine inntekter. Til tross for dette vil om lag 80 % av alle kommunar skrive ut eigedomsskatt i 2014.

Skal eigedomsskatten gjelde for alle og i tillegg hevast, meiner Scheel-utvalet at den må bli statleg. Skulle ein i staden velje å la skatten vere kommunal, må den statlege finansieringa av kommunane reduserast tilsvarande.

#### Vurdering:

For Kvinnherad er eigedomsskatten ei av dei viktigaste årsakene til at kommunen i 2013 hadde driftsutgifter som låg 109,5 mill. kr eller 11,9 % over snittet for kommunane i landet. I tillegg låg finansutgiftene 22,8 mill. kr eller 43,1 % over snittet.

Skulle eigedomsskatten frå verk og bruk bli statleg slik at Kvinnherad sine inntekter blir redusert til nær snittet for kommunane i landet, må det vere rett å hevde at konsekvensen vil bli rasering av eksisterande tenestetilbod. Dette så sant ein ikkje maktar å finne nye kommunale inntektskjelder.

I motsetning til dei fleste andre kommunar rår Kvinnherad over eit stort kraftfond. Men her viser rekneskapstal at kommunen alt er blitt heilt avhengig av årleg utbytte frå fondet på så mykje som 25,0 mill. kr eller 4,5 %. Denne inntektskjelda er såleis alt oppbrukt og kan ikkje redde kommunen om skatteinntektene eller overføringane frå staten skulle minke.

I år har styrking av vekstkommunane ført til låg vekst i dei statlege overføringane til Kvinnherad. For å unngå at dette skal føre til altfor stor reduksjon i tenesteproduksjonen må kommunen sine inntekter aukast ved å utvide eigedomsskatten til også å gjelde næring, bustad og fritidsbustad. Andre inntektskjelder kan kommunen i liten grad påverke og difor må ein på det sterkaste gå mot alle forslag som kan føre til reduksjon i denne inntektskjelda.

LVK har i sin høyringsuttale gjevne ei grundig forklaring på kvifor eigedomsskatten framleis må vere kommunal. Kvinnherad kommune må sjølvstøtte opp om alle punkt i denne uttalen. I tillegg er det viktig at kommunepolitikarane tek saka opp i sine respektive parti for å sikre fleirtal mot dei tilrådde endringane i den kommunale eigedomsskatten.

#### **Økonomisk konsekvens:**

Dramatisk for alle deler av den kommunale verksemda.

#### **Miljømessig konsekvens:**

Dramatisk for alle i Kvinnherad.

#### **Vedlegg:**

LVK sin høyringsuttale til NOU 2014: 13 "Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi."